

**TYSNES KOMMUNE**

Rådmannskontoret
5685 UGGDAL
Telefon 53 43 70 10
Telefaks 53 43 70 11

KOMM. OG REG. DEP
07 FEB 2005
04, 2771-207
Ark 013
Avd. RA ISSALMAG

Det kongelige kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

UGGDAL, 03.02.05

<i>Saknr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
04/00694	000793/05	010	FSK/FEL/JOSE/adh	

HØYRING DISTRIKTSKOMMISJONEN - NOU 2004:19 OG STERKE REGIONER - KOU 2004:1

Frå møte i FORMANNSKAPET 01.02.05, saknr. 0011/05.

De vert hermed orientert om at det er gjort følgjande vedtak:

1. Tysnes kommune sluttar seg til Distriktkommisjonen si tilråding om at det er behov for eit nytt folkevald nivå med større regionar til erstatning for dagens fylkekommunar.


For vår landsdel må det vera rett å fokusera på at me saman med fylka sør og nord for oss skaper ein sterk Vestlandsregion der Hordaland utgjer ein attraktiv del.

2. Tysnes kommune sluttar seg fullt ut til tilrådinga om at desentralisering av makt til underliggjande forvaltningsnivå bør vera ein hovudstrategi. Eit folkevald regionalt nivå må få delegert makt over vesentlege tenestoområde slik som det er skissert i tilrådinga frå Distriktkommisjonen.
3. Vidare sluttar Tysnes kommune seg til tilrådinga om at Fylkesmannen sine oppgåver skal reindyrkast til tilsyn og kontroll.
4. Kommunesamanslåing bør ikkje prioriterast dersom ikkje kommunane sjølve tek initiativ til det.
5. Når det gjeld landbruk, er Tysnes kommune samd med mindretalet som bl. a. seier at ev. frigjorde midlar skal kanalisert til landbruk og bygdeutvikling.
6. Tysnes kommune sluttar seg i hovudsak til Distriktkommisjonen sitt framlegg om


kva oppgaver som bør leggjast til det nye folkevalde regionale nivået.

7. Tysnes kommune meiner at spørsmålet om utforming av det framtidige folkevalde nivået blir avklart snarast råd, og rår til at ein ikkje avventar den planlagde evalueringa av fylkeskommunen i 2007."

Med helsing
Tysnes kommune



Audun Høyland
rådmann



Jon Sævartveit
konsulent